

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i fastetida – 4. mars 2018

Preiketekst: Mark 9,17-29

Lesetekst I: Job 2,1-10

Lesetekst II: Ef 6,101-8

STERKARE

Kontrast

Det starta som eit diskusjonstema. Jesu læresveinar var i disputt med skriftlærde og lekfolk (v 14, ff). Jesus sjølv hadde nett kome ned frå fjellet. Tre utvalde hadde sett Jesus forklåra. No var dei nedattpå. Dei ni andre var midt oppi det. Folk var i villreide og korkje Jesu næraste eller dei lærde kunne gje skikkeleg svar. Problemet var av det kjende slaget: sjukdom - vonde ånder - hjelpeløysa. Snakk om ytterpunkt: åleine med Jesus på fjellet eller trykk frå alle kantar. Det himmelske nærvær eller kvardagens bitre utfordringar.

Dette er jo fastetida i ein sum: Jesus, den mektige, midt i vår mangslungne kvardag. Kampen mot den og det vonde, sjølv i Jesu nærleik. Lidinga, midt i ein hær av 'konsulentar'.

Dagens evangeliestykke utfordrar oss både som predikantar og tilhøyrarar. Jesus i vår kvardag. Herren midt i hjelpeløysa.

Åndeleg realitet

Den som får ordet denne dagen, må sleppa Ordet innpå seg, og samstundes ha jording. 'Det er godt at vi er her', sa Peter på fjellet, 'lat oss byggja tre hytter, ei til deg, ei til Moses og ei til Elia' (v 5). Det kan vera freistande for nokon kvar: å forbli i det 'lukka rommet', å ha himmel og guddommelege krefter 'på boks', borte frå den lealause røyndomen.

Jesus har sin herredom og herlegdom i seg sjølv, han treng ikkje bevisa det. Men han gjer det gjerne, takk og pris; Jesus Messias, som forbaud dei utvalde å tala om deira oppleving på Tabor, han vitnar sjølv ved si mektige hand i møte med den vonde og det vonde.

Det står innleiingsvis at folket 'vart gripne av otte og undring' då dei såg Jesus (v 15). Folket, ikkje læresveinane. Var dei sikre i si sak, eller var dei konstant forventningsfulle til Jesus?

Dei færreste nektar for at det vonde finst. Men definisjonsmakta ligg ikkje lenger hjå prest og Kyrkja. I alle fall ikkje slik det var på Jesu tid, der alt hadde si åndelege årsak.

Problemet 'Det vonde' er ikkje berre eit teoretisk omgrep, det er ein bitter realitet, jfr 1. leseteksten om Job. Men det er også eit omgrep. Det er også ei 'sak'. Dagens tekst – og fastetida i det heile – må gjerne yppa til refleksjon og ettertanke, både på stolen og i benken. Trua må òg få rom i tanken. Det norske kristenfolket er like 'sjuke' som folk flest, og lit vel like mykje på medisin som helbredings-under. Me er vel som truande minst like mykje utsett for den vonde sine angrep som folk flest (Ef 6,12).

Hjelpeløyse og tru

Born og unge er råsterke; dei toler langt meir enn sjølvmedlidande vaksne. Men denne gutten, som jo var i episenteret, og årsak til diskusjonen, han leid sårt i fysisk og åndeleg fangenskap.

Fedre-kvotene var ikkje oppfunne, men her sette pappa alt anna til side: *Meister, eg er komen til deg med son min*. Kanskje var alt anna prøvd.

Og no fekk Jesu læresveinar saka og situasjonen i fanget, med ei klar bestilling: å driva ut den vonde ånda som plaga gutten. - *men dei makta det ikkje*.

Jesus tek sjølv-diagnostiseringa på alvor, faktisk meir på alvor enn dei som kjende gutten best. Israels Messias tek sitt eige folk i skule, og peikar på eit svakt punkt dei ikkje visste dei hadde: vantrua. Endå dei vedkjende seg trua på Den allmechtige, og gjerne delte von og forventning om Guds Lam (Jes 53, o.a.)

Den hardt prøvde trua, gjev Jesus rett: *Eg trur, hjelp mi vantru!* Trua slitest mellom ytterpunkt: tillit til Gud som Far og erfaringa av den sterke vonde makta. Overgjeving i Jesu hender og fotlenka i vondskapen.

Men Herrens frelsande gjerning, kjem alltid i rette tid. *Herrens hand er aldri for kort (eller sein) til å frelsa*.

Definisjonsmakt

På eit ord frå Herren, må sjølv den stumme ånda tala. Snikande vondskap, taust fangenskap, blir bede om å identifisera seg i møte med Han som har første og siste ordet. Den døde kjempa, som ikkje høyrer på noko fornuftig argument eller oppriktig bøn, må versågod høyra på Han med makt. Den vonde og hans allierte skrik i avmakt når Herren kjem for nær. Og når vondskapen slepper taket, etterlet den gjerne menneskebarnet i eit vakuum: *alle sa at (gutten) var død*.

Utan det vonde, er livet då heilt? Utan Den vonde, gjev då trua mening? Me definerer ofte trua på bakgrunn av si motsetning, ikkje berre vantrua, men 'den vonde finst, difor treng eg gudstrua'.

Me skal la Jesus ha definisjonsmakta, både i det å identifisera synd og vondskap og i det som gjeld tru og evig frelse.

Gjenoppretting og nytt liv

Gutten blei løyst. Sjølv då indre og ytre band slapp taket, måtte han hjelpast på fote att. *Jesus tok han i handa og hjelpte han opp, og han reiste seg*. Israels Messias er ikkje berre krigsherren som driv fienden tilbake, han er livgjevaren og gjenopprettaren.

Problemfokusererte kan me vel bli, nokon kvar; diskusjonar kan sortera tankar og kjensler. Men me treng først og fremst eit møte med Herren Jesus; me treng ein jammn omgang med Han i trua sitt djupe fellesskap. Me treng å drikka or kjelda som gjev liv, evig liv, slik ho finst i Ord og sakrament.

Å ta heile Guds rustning på, er nødvendig fordi me har med 'vondskapens andehær' å gjera, men det er også i ikle seg Livet Kristus, så me kan vinna evig frelse. Ikkje å stålsetja seg, men å ha liv og frelse i Jesus Messias. Bøn og faste krevdest, sa Jesus, - bøn, som å sleppa Jesus inn, faste, som å forsaka for å vinna.

For trua skal levast midt i livets pluss og minus. Jesus er jo der, og då lyt me vera der.

Geir Paulsen

Sokneprest Luster / krinsstyrelsiar SFj.

geir@kyrkja.luster.no